



FISKERIDIREKTORATET

Miljødirektoratet  
Postboks 5672 Sluppen  
7485 TRONDHEIM

Sakshandsamar: Lárus Thór Kristjánsson  
Telefon: 46814859  
Seksjon: Kyst- og havbruksavdelingen  
Vår referanse: 14/15554  
Dykkar referanse:  
Vår dato: 18.12.2014  
Dykkar dato: 07.11.2014

Att:

## FRÅSEGN TIL HØYRING AV SØKNAD FRÅ SYDVARANGER GRUVE AS OM LØYVE TIL AUKE I BRUK AV KJEMIKALIAR I 2015

Vi syner til Miljødirektoratet sitt ynskje om merknadar til søknad frå Sydvaranger Gruve AS om høve til auke i utslepp av avfallshandteringsmidlet polyDADMAC frå 1. januar 2015.

I tidlegare uttale (28. november 2013, ref. 13/16549) til auka bruk av potensielt farlege avfallshandteringsmiddel og dumping av gruvemassar i Bjørnefjorden innleia vi vår uttale slik:

*"Fiskeridirektoratet er sektorstyresmakt for to viktige primærnæringar i Noreg, fiskeri- og akvakulturnæringene. Både næringane treng produksjonsareal og –miljø som er fri for farleg eller potensielt farleg ureining. Vi er også opptekne av at sjøareala ikkje vert nytta slik at økosystema vert skada og eventuelt bryt saman. Difor vil vi at norske styresmakter konsekvent handsamar søknader som inneber deponi i sjø med varsemd".*

Uttalen over er framleis like aktuell i dag som tidlegare.

Vi merkar oss at verksemda ynskjer å få auka bruken av kjemikaliar nytta i gruve drifta. Frå 1. januar ber Sydvaranger gruve om auke på 12 tonn av vasshandsamingskjemikalien polyDADMAC, slik at den totale mengda som vert brukt, vert 22 tonn pr. år.

Vi har no som før bedt Havforskningsinstituttet om faglege råd i samband med Sydvaranger gruve AS sitt ynskje om auka utslepp av polyDADMAC.

I utgangspunktet er Havforskningsinstituttet uroa over utslepp av store mengder polykationar til sjø. Polykationar er sterkt giftige for vasslevande organismar i sin

vassløyselege form. Når det er sagt, syner ulike granskingar at polyDADMAC er særst sterkt bunde i sedimenta og har dermed særst lang levetid med påfølgande opphoping i naturen. Instituttet peikar også på at Miljødirektoratet sin forgjengar SFT, har klassifisert stoffer brukt i petroleumsindustrien med same eller like kjemikalske eigenskapar som "raude kjemikalier". Bruken av kjemikaliane er omtala i St.melding nr. 26 (2006 – 2007). I meldinga står:

*"Prioritere substitusjon høyt for å sikre full utfasing av resterende tilsatte kjemikalier innen SFTs svarte og røde kategori."*

Dette er stoff som vert sakte nedbrote i marint miljø og i tillegg viser potensial for bioakkumulering og/eller er akutt giftige.

Med utgangspunkt i dette, har vi og Havforskningsinstituttet i tidlegare uttale til auka bruk av polyDADMAC råda til at Sydvaranger gruve skal verte pålagt å finne eit mindre skadeleg og lettare biologisk nedbrytbart substitutt eller vente med utvinning av malm til slikt kjemikalium er på marknaden. Av søknaden kan vi ikkje sjå at verksemda kan dokumentere å ha lagt stor innsats i å finne mindre farlege substitutt.

Med omsyn til ovannemnte, er det rimeleg tvil om bruken av polyDADMAC er miljømessig forsvarleg med omsyn til «føre-vår-prinsippet» i norsk miljøforvaltning.

I Havforskningsinstituttet si fråsegn frå 2012, 2013 og 2014 har instituttet rådd til ytterste varsemnd i bruken av polyDADMAC. Havforskningsinstituttet har også peika spesielt på miljøovervakinga av Bøkfjorden frå 2011 (NIVA rapport 6310-2012). Her har NIVA dokumentert at botnforholda er særst dårlege og heilt dominert av gruveslam innanfor Reinøy. I dette området av fjordsystemet er det meste av organismar på botn vekke. Vidare utover i fjorden vert partiklar frå utsleppa også registrerte. Desse er i slike mengder at dei i dag representerer negativ påverknad for økosystema i fjorden. Vi trur ikkje at tilhøva frå 2011 har vorte betre ved konstant dumping av gruvemassar i fjordsystemet eller ved auke i bruk av polyDADMAC i handteringa av avfallet.

Bøkfjorden er en nasjonal laksefjord og dermed ein del av eit nedbørsfelt som er under særskilt vern. I vår kartløysing dokumenter vi at det er fiskeplassar for reker i fjorden. Det er også registrert førekomst av kuskjel (*Arctica islandica* L. 1767) i ytre delar av fjorden. Vidare kan ein sjå at ved Blåsenborgneset vis a vis Kirkenes er det gjeve løyve for slaktermerd for laks, aure og regnbogeaure. Vi er difor uroa over at auke bruk av potensielt farlege kjemikalier og dumping av gruvemassar i fjordsystemet. Vi meiner at slik bruk av sjøareala vil kunne skade fiskeri- og havbruksnæringa i regionen. Dette vil venteleg føre til dårlegare fysiske driftstilhøve for næringane og/eller gjennom omdømesvikt for produkta i marknaden.

## Konklusjon

Med utgangspunkt i ovannemnte, vil vi rå Miljødirektoratet til å gje avslag på Sydvaranger gruve AS sitt ynskje om auka bruk av polyDADMAC i avfallshandtering av gruvemassar som vert dumpa i Bøkfjorden.

Havforskningsinstituttet som er nasjonal faginstitusjon på havmiljø, har reist rimeleg tvil om effektane av stoffet og dumping av gruvemassar på vassmiljøet og økosystema i fjorden. Når det vert reist tvil om det er riktig å tillate drastisk auke i utslepp av potensielt miljøskadelege stoff eller drive med aktivitet som permanent vil volde skade på naturmiljøet, vil vi minne om naturmangfaldlova § 8 (*kunnskapsgrunnlaget*) kor det vert sett krav om vitskapleg kunnskap og effekten av påverkingar på naturmangfaldet. Vidare vil vi også syne til § 9 (*føre-vår-prinsippet*) i same lov. Her krev lova at om det ikkje er godt nok kunnskapsgrunnlag eller/og det er rimeleg tvil om ei avgjerd kan volde vesentleg skade på miljøet, skal avgjerda hindre skadar på naturmangfaldet.

Med helsing

Jens Christian Holm  
direktør

Ragnar Sandbæk  
Seksjonssjef

**Mottakarliste:**

|                   |                          |      |           |
|-------------------|--------------------------|------|-----------|
| Miljødirektoratet | Postboks 5672<br>Sluppen | 7485 | TRONDHEIM |
|-------------------|--------------------------|------|-----------|

**Kopi til:**

|   |                           |      |        |
|---|---------------------------|------|--------|
| Birgitte Fraas Arstein<br>Forvaltningsseksjonen | Postboks 185 -<br>Sentrum | 5804 | BERGEN |
| Frank Jacobsen<br>Havforskningsinstituttet      | Postboks 1870<br>Nordnes  | 5817 | BERGEN |
| Liv Holmefjord<br>Region Finnmark               | Postboks 185<br>Sentrum   | 5804 | BERGEN |
| Tilsynsseksjonen                                | Postboks 185<br>Sentrum   | 5804 | BERGEN |
| Utredningsseksjonen                             | Postboks 185 -<br>Sentrum | 5804 | BERGEN |
| Utviklingsseksjonen                             | Postboks 185 -<br>Sentrum | 5804 | BERGEN |